

Kaisess til finalen for kultur- og næringsprisen


Tone Boska sitt samarbeid med Liegruppen om Kaisess på Liaskjeret nådde heilt fram til finalen i konkurransen om Kultur- og næringsprisen 2009, i kategorien gjensidig berikande samarbeid. Kaisess blei tildelt diplom som eit av tre utvalde prosjekt, i konkurranse med fleire enn 40 nominerte.

Utdelinga fann stad i Oslo 25. august

Arrangementet på Liaskjeret engasjerte lokalsamfunn, næringsliv og kunstnarar i eit unikt samarbeid, som har hatt store ringverknader.

Det har også vore arrangert Kaisess på Glesvær og i Oen.

Prisen blei delt ut for første gong i år. Det er Forum for kultur og næringsliv som står bak utdelinga.



Under Kaisess i Ovågen var det ein av øyriket sine mest kjende bruksgjenstandar, påhengsmotoren, som vart gjort til symbol og kunstnarleg objekt.

Tiltak i arbeidsmarknaden

Det er skipa tiltak saman med Sotra Vidaregåande skule, NAV og Hordaland fylkeskommune, med sikte på å unngå permitteringar.

Det blir lagt opp til undervisning frem til yrkesteorierksamnen, med påfølgjande fagprøve. Framover vil vi arbeida med å ha beredskap for liknande tiltak óg for andre bransjar. Tre modellar kan vere aktuelle:

- AMO-kurs, der arbeidstakarane får fagkurs på vidaregåande skule etter kontrakt med NAV.
- BIO-midlar, der NAV gjev midlar til bedriftsintern opplæring. Bedriften får då lønstilskot samstundes som arbeidstakarane får undervisning og fagprøve.
- Fylkeskommunen finansierer fagopplæring for arbeidstakarar som har rettar etter opplæringslova.

Sotra Marine Industrinettverk etablert 24.september

Kommunestyret i Sund har tatt initiativet til et forum for marin næring i regionen, SMI. Etter eit grundig forarbeid gjennom Gode Sirkclar blei nettverket formelt etablert med første generalforsamling 24.09. Styreleiar er Olav Flesland frå Biomega.

Føremål for det nyskipa nettverket er å styrke næringa i regionen og det einskilde selskapet sine aktivitetar, og å bidra til praktisk retta forsknings- og utviklingsarbeid. Det politiske miljøet i Sund har vore pådrivar for etableringa. Ordføraren i Sund har vore i kontakt med sine kollegaer i Austevoll, Øygarden og Fjell, med sikte på å ha også verksemder i desse kommunane med i nettverket.

Første medlemsmøte vil finne stad 28.10, 2009, kl. 18.00, i kantina til Sotra Fiskeindustri, Porsvika. Hovudtema vil vere finansiering av nye prosjekt, v/Innovasjon Noreg. Deltakarane vil også få rapport om utviklingsprosjekt SMI har sett i verk.

Ove Rustung Hjelmervik frå Sintef har leia Gode Sirkclar sitt arbeid med oppbygginga av det nye nettverket.

Gjerdet kulturminnegard - samling

15.oktober inviterar vi næringslivet for å presentera ein av dei store satsingane i Perler i Nordsjøløypa, Gjerdet kulturminnegard. Designproduksjon tufta på gamle handverktradisjonar.

Samarbeide med Universitetet i Bergen, akselerasjonskonferanse

Næringslivet i regionen kan møte UiB på mange arenaer: studentprosjekt, forskning, utdanning, samarbeidsprosjekt. For å opprette kontakt og sjå på mulighetene, arrangerer UiB og Gode Sirkclar, i samarbeid med VNR, eit samarbeidsseminar 10.november. Viserektor Kuvet Atakan vil orientere om universitetet i Bergen, og det blir presentert gode eksempel på samhandling med industrien. Medlemsbedrifter i Vest Næringsråd vil orientere om næringslivet i regionen.

Seminaret kan bli starten på et utvida samarbeide til felles nytte og glede. UiB og Gode Sirkclar har oppretta ei felles arbeidsgruppe som lagar seminaret, og skisserer vidareføring.

Omstilling for bærekraft. Behovsanalyse og aksjon.

Programmet "Bølgjekrefter" går vidare, i ein dynamisk form som kan fange opp endra behov og langsiktig tenking.

Gode Sirkclar har starta dialog med bedrifter i regionen, for å kartlegge framtidige behov og muligheter. Dette arbeidet vil gå systematisk vidare, med sikte på å peike ut aksjonsområde og starte tiltak. Jens Kristian Fosse frå Høgskolen i Bergen leier arbeidet.

Nasjonalt nettverk på besøk i regionen

Riksantikvaren sitt nasjonale nettverk besøkte regionen 1. og 2. september. Føremålet var erfaringsutveksling mellom alle prosjekta nasjonalt i verdiskapingsprogrammet til Riksantikvaren, og prosjekta i PIN.

Gode Sirkclar har prosjektansvaret for PIN. Kommunane, Museum Vest og næringslivet er med som nøkkelaktørar i prosjektet.

Studietur til Voss, Gode Sirkclar og VNR saman

Torsdag 5.november blir det høve til å sjå nærare på korleis og kvifor Voss har lukkast. VNR og Gode Sirkclar er saman om å arrangere studieturen, der vi får møte fleire av aktørane som har vore med på å gjere Voss til ein kjend merkevare. Program og påmelding finn ein på http://www.vnr.no/index.php?mapping=16&mote_id=17